

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **13. november 2024** blei det halde møte i Bokn kontroll- og kvalitetsutval under leiing av leiar Olav L. Rossebø.

MØTESTAD:	Bokn Arena, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.10
MØTANDE MEDLEMER:	Olav L. Rossebø (H), Anne Løvereide Faye (Uavh.), Sondre Tveita (Sp) og Hans Jørgen Ognøy (KrF)
FORFALL:	Daghild G. Alvestad (Uavh.)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Marit Alvestad (Ap)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS:	Forvaltningsrevisor Mathushiga Thiyagarajah
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunalsjef teknisk Michael Gräfe i sak 23
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 22/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 18.09.24

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 18.09.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 18.09.24 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 23/24 ORIENTERING OM TEKNISK V/KOMMUNALSJEF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunalsjef teknisk Michael Gräfe si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Kommunalsjef teknisk Michael Gräfe viste ein presentasjon og orienterte om sitt arbeids- og ansvarsområde. Han gjorde greie for oppgåvene til dei ulike avdelingane som er: drift og investering, eigedomsforvaltning, samferdsel og utemiljø, vatn og avlaup, plan og byggsak, brann og redning (HBR).

Han gjekk nærare inn på dei ulike arbeidsoppgåvene, talet på tilsette, sjukefråvær, budsjettrammer og kjøp av tenester frå Karmøy. Kommunen har ca. 11 000 m² med bygningar som skal vedlikehaldas, 21 km med kommunale vegar og 30 km med vassleidningar.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna auke i kostnader til teknisk, brøyting, effektivisering og automatisering, bakgrunn/utdanning til vaktmeistrane og utnytting av dei økonomiske ressursane.

Utvalsleiar takka for ei god og lærerik orientering.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunalsjef teknisk Michael Gräfe si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 24/24 BESTILLING AV REVISJONSPROSJEKT – «INTEGRERING AV FLYKTNINGAR»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Integrering av flyktningar» frå Rogaland Revisjon i tråd med prosjektmandatet av 31.10.24.

Ramma for prosjektet blir sett til 140 timar.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Forvaltningsrevisor Mathushiga Thiyagarajah gjorde greie for prosjektmandatet.

Medlemmene drøfta framlegget og kom med fleire innspel til fokusområder, avgrensingar og spissing av problemstillingane. Utvalet støtta leiar sitt framlegg om å legge til ei problemstilling om økonomiske forhold.

Revisor noterte seg innspela og vil utarbeide eit oppdatert prosjektmandat.

Leiar fekk fullmakt til å godkjenne det oppdaterte prosjektmandatet. Medlemmene vil få det til gjennomlesing.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Integrering av flyktningar» frå Rogaland Revisjon i tråd med prosjektmandatet av 31.10.24 og med dei endringane som kom fram i møtet. Ramma for prosjektet blir sett til 140 timar.

Utvalsleiar får fullmakt til å godkjenne det oppdaterte prosjektmandatet.

SAK 25/24 MØTEPLAN FOR 2025

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2025:
onsdag 19. februar, 14. mai, 3. september og 12. november kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Leiar gjorde greie for framlegget. Medlemmene var nøgde med å ha møta på kveldstid og framlegget til møtedatoar.

Utvalet hadde ingen merknadar og slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2025:

onsdag 19. februar, 14. mai, 3. september og 12. november kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 26/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

20. Statusrapport pr. november 2024

21. Protokoll frå ekstraordinært møte i Haugalandsrådet 07.10.24

22. Protokoll frå møte i Haugalandsrådet 25.10.24

23. Innkalling til rep. møte i Haugaland brann og redning 08.11.24

24. Invitasjon til NKRF sin fagkonferanse 29. - 30. januar 2025 på Gardermoen

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Leiar gjorde greie for referatsakene. Leiar oppmoda til at dei burde reise på NKRF sin konferanse og gjerne fleire i lag, for å få større utbytte.

Olav Rossebø og Hans Jørgen Ognøy meldte si interesse for å reise. Medlemmene gir beskjed til sekretariatet om dei ønskjer å delta så snart som mogleg.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 20 - 24 til orientering.

Møte nr. 4/24

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 19.02.25, kl. 18.00

Saker: orientering om oppvekst, kultur og idrett, oppfølging av revisjonsrapport «Bokn skule - arbeidsmiljø» og utvalet si årsmelding for 2024.

Bokn/Aksdal, 13.11.24

Olav L. Rossebø
Leiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær